



Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/5864 - 15/3230

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

11.02.2015

Melding om vedtakvedkomande 4 naust på gbnr 137/4 og 14,115,119 og 121 Alver Lindås Kommune

MELDING OM VEDTAK

Melding om vedtak – [SETT INN KVA VEDTAKET GJELD]

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 04.02.2015, der følgjande vedtak vart fatta:

«· Med heimel i plan- og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå §3.2.2. i føresegn til plan for oppføring av naust med takvinkel på 38 grader på gbnr 137/4-14, 137/19-21, 137/113 og 137/115.

· Med heimel i plan- og bygningslova §12-4 vert det gjeve løyve til oppføring av naust på gbnr 137/4-14, 137/19-21, 137/113 og 137/115.

Detaljregulering:

· Det blir gjeve dispensasjon frå reguleringsplan frå §1-2 vedkomande plankrav.

· Tiltaket slik det er omsøkt er godt tilpassa omgjevnadene. Omsøkte takvinkler vil gje eit godt heilheitsinntrykk, da takvinklene er tilpassa tidligare bygde naust.

· Det er ikkje naudsynt med detaljplan for området da jordskifteretten har lagt føringar for nausteplassering, tilkomst, snuplass, fellesareal og etablering av Alvervika kai. Samt at området er av begrensa størrelse og det er å ansjå som naturleg fortetning i allereia etablerternausteområde.

Etter samla vurdering kjem uvalget til at fordelane er vesentleg større enn ulempene.»

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Bakgrunn

Det vart søkt om etablering av 4 naust innafor regulert området på overnembde gbnr, reguleringsplan Tveiten Gnr 138 nr. 11 Plan-Id **1263-22112006**.

I gjeldande plan er det sett krav til utbyggingsplan jf. § 1.2 samstundes er det sett krav til ei takvinkel på 27 grader, maks gesimshøgde 2,6 m over normal vannstand og BRA på 35 kvm. Det er søkt om dispensasjon i frå utbyggingsplan, takvinkel og gesimshøgde.

Samstundes har det innkome nabomerknader i saka. I hovudsak protesterer

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733



naboen på nøstehøgda på 4,75 meter. Dette meiner naboen må reduserast med minst 0,75 m. Naboen protesterer også på skildra gangsti som går over hennes parsell. Hun meiner at søkjar ikkje har rett til dette.

Administrasjonen gav avslag på søknad om dispensasjon på alle punkter, og dette vedtaket vart påklaga. Klage vart handsama politisk, og i Plan- og Miljøutvalet vart det gjeve dispensasjon på alle punkter og løyve til etablering av 4 naust i samsvar med innsendte søknader.

Vedlagt denne meldinga følg de dokument som vart lagt ved i den politiske sakshandsaminga.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.
nytt enkeltvedtak i utval

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Alt 2 Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Med helsing

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på administrativt vedtak - samt vedlagt utegløynde opplysningar - gbnr 137/4 og 14 Alver - naust

Vedlegg

Klage på vedtak

Nabovarsel

Foto

Svar på spørsmål om tolkning av krav i plan - Gbnr 137/4 Alver

Avslag på søknad om dispensasjon og søknad om oppføring av naust - gbnr ...

Avslag på søknad om dispensasjon og søknad om oppføring av naust - gbnr 1374 og 14 Alver

Søknad om dispensasjon gbnr 137/4 og 14 Alver

Situasjonsplan

Kart frå jordskifterett

Teikning

Andre vedlegg

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland
Ruth-Mari Lund

Postboks 7310
Statsm.
Michelsens veg
58c

5020
5230

Bergen
PARADIS